



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FE-223
Arkivsaksnr: 18/951	Løpenr: 18/6607
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	30.08.2018	039/2018

Søknad - tilskot frå kommunalt næringsfond Ines hudpleie

30.08.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 039/2018 Vedtak:

Ines hudpleie får avslag på søknad om tilskot frå Næringsfondet. Verksemda har fått tilskot 2 gonger tidlegare i samband med etablering.

Søkjjar har høve til å klage på avslaget til formannskapet. Klagen må sendast innan 3 veker frå vedtaksbrevet er motteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ines hudpleie får avslag på søknad om tilskot frå Næringsfondet. Verksemda har fått tilskot 2 gonger tidlegare i samband med etablering.

Søkjjar har høve til å klage på avslaget til formannskapet. Klagen må sendast innan 3 veker frå vedtaksbrevet er motteke.

Dokument som er vedlagt:

søknad Ines hudpleie

fs-sak 2014-57 og 2005-27

Kva saka gjeld: Søknad om tilskot frå næringsfondet frå Ine's Hudpleieklinikk til utgifter i samband med flytting til nytt lokale.

Fakta: Ine Liøen starta opp med hudpleie i sin bustad i 2006. Ho fekk 12.000 kroner i stønad frå næringsfondet ved oppstart. I 2014 flytta ho til nye lokale på Haga og fekk då 20.000 kroner i stønad frå næringsfondet til utstyr og oppussing av klinikken. Denne leige kontrakten er sagt opp og ho flytta i januar 2018 inn i nabolokalet. Ho søker no om nytt tilskot i samband med flyttinga og oppussing av dette lokalet.

Utgiftene ho har hatt med flyttinga til nytt lokale er:

- Nye varer ca 50 000 kr
- Oppussing og diverse utgifter 20 000 kr

Vurderingar og konsekvensar:

Tilskot frå næringsfondet er meint å skulle vera ei hjelp til oppstart og etablering av nye arbeidsplassar. Liøen har fått stønad to gonger tidlegare for å etablere bedrifta si. Det å flytte til nytt til lokale ev pusse eksisterande lokale bør ikkje gje automatisk grunnlag for nytt tilskot. Dersom kommunen skal vurdere eit nytt tilskot, bør det vera knytt til at verksemda ekspanderer eller satsar på ei vidareutvikling.

Søknaden vert ikkje tilrådd. Næringsfondet er ei fast tilskotsordning, og søkjar har då klagerett på avslaget.